

## **Sak 52-21 Status bygging Melsgjerdet**

Tilråding til vedtak

Styret tar orienteringa til vitande.

### **Saksutgreiing**

Bygginga følgjer framdriftsplanen, og «ta i bruk» dato er førebels sett til onsdag 15 juni 2022. Sidan siste styremøte har anlegget no fått permanent straum frå trafo til Mørenett AS.

### ***Omlastingshall for mat og restavfall inkl. garderobe/kontor.***

Det er for tida god framdrift på arbeid som syner godt att. No er det tak som vert lagt. Tett tak er komen på i vaskehall, lastegrop og lagerhallane for mat og restavfall. Det som står att er tett tak over luktsluse mat og restavfall, pluss garderobe/ kontor, og takbeslag alle tak. Sedum vert lagt på i april. Alle veggjar er komne opp. Portar skal vere på plass innan 7 februar. Legging av tak har vore utfordrande, då alt regnet har seinka framdrifta.

### ***Omlastings-, lagerhall for papir, glas og metall og plastavfall.***

Der er status ferdig med betongveggjar, vegggramme og takstolar i stål. Det neste er montering av tak og veggplater. Det er planlagt tett tak 27 januar 2022.

### ***Uteområde / bilvekt / pumpehus og brannvasstank/ yttergjerde / hytterrenovasjonspunkt.***

Her har det vore mykje detaljprosjektering i seinare tid. Sjølve arbeidet er planlagt i perioden februar til og med april.


### ***Økonomi***

Så langt har vi betalt ut knapt kr 44,8 millionar til prosjektet som ved kontraktinngang var på 78,472 mill. kr. Det er utført arbeid for kr 51,9 millionar ved utgangen av oktober. Vi er såleis godt over halvvegs i prosjektet. Utbetalingane er i samsvar med betalingsplan. Prisstigning følgjer norsk standard og var del av kontrakt. Der er det fakturert fram t.o.m. november for kr.1.934 mill kr.

Totalt sette vi av i 2021 budsjettet 84 mill kr pluss mva til byggeprosjektet inklusiv inventar og utstyr. Sett bort frå Statsforvaltarkravet om infiltrasjonsløysing, er vi så langt godt innafør ramme, ved at i underkant av kr 2 mill. av reserven på 5,5 mill. er brukt.

Detaljane frå Statsforvaltarkravet om infiltrasjonsløysinga er enno ikkje er heilt klar. Vi opererer derfor med budsjettpris frå Aurstad Tunell AS, og minner om at det er finansiert i 2022 budsjettet saman med avsetning til prisstigning. Prisstigninga på anleggsarbeid er høg for tida, og pr 30.10.21 er det fakturert ut kr 1.934 mill kr. For kvar månad som går, minkar restbeløpet prisstigninga skal reknast frå, så vi vil nok sjå lægre og lægre månadsbeløp på dette framover.

Det vert lagt fram ei oversikt frå byggherreombodet på møtet 7 desember på påløpt  
akkumulert tilleggsarbeid i 2021. Det er detaljar som styret kan sjå på om de vil. Detaljane vil  
ikkje avvike frå samlesummane som står i denne saka.

A handwritten signature in blue ink, appearing to be 'P. Bjørdal', written over the printed name.

Petter Bjørdal

Dagleg leiar